



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen, Hans Erik Waage, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg og Rune Minde.

Varamedlemmer: Solrunn Gullaksen

(Grete hadde meldt forfall, men var med via Teams)

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Frå kyrkjekontoret: Evy Beate Uthaug – sekretær.

Sakoversikt: F 04 - 06/2020

F 07/20	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERAT FRÅ 17.06.2020
Vedlegg	Møteboka frå 17.06.2020 Innkallinga 08.09.2020
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 08/20	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Soknet og føring av rekneskapet – utfordringane med 2019 og vegen vidare.• Justering av tenesteytingsavtalen (sak til kommunestyret).• Utbetringar i og rundt kyrkja i sommar: Lysekrunene, ny grus rundt kyrkja, fornying av ytterdør.
F 09/20	GRAVPLASSVEDTEKTER FOR FEDJE
	Bakgrunn: Gjeldande festeavgifter var tilrådd av soknerådet i vedtak F 05/17. Fedje kommune manglar likevel lokale gravplassvedtekter og det er eit behov for å ha eigne vedtkter, i tillegg til lov og forskrifter. Lokale gravplassvedtekter skal godkjennast av bispedømerådet. Lokale avgifter skal likevel vedtakast av kommunestyret, etter tilråding frå soknerådet/fellesrådet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Lokale gravplassvedtekter regulerer ikkje storleiken på avgiftene, men definerer område som fredingstid, festeperiode, festeperiodar, reservasjon av gravstader, krav til gravminne, gravstellsavtalar, symbolsk namneflytting, næringsverksemd osv. Dei lokale gravplassvedtektene kan ikkje gå på tvers av gravferdslova og gravferdsforskrifta, men er ei presisering av desse, tilpassa lokale forhold.

Gravplassvedtekter for Fedje:

Her kjem kyrkjeverja sitt framlegg til gravplassvedtekter for Fedje kommune:

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I FEDJE KOMMUNE

Gjeld frå 08.09.2020

§1 Gravplasilhøyring

Personar som er folkeregistrert i kommune kan gravleggast på den gravplassen i kommunen dei eller den som syter for gravferda ynskjer. Det gjeld også for personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i annan kommune på slutten av livet.

Personar som ikkje er heimehøyrande i kommunen kan gravleggjast i Fedje kommune etter nærare avtale med gravplassforvaltinga (Kyrkjekontoret). Det skal då betalast ei fastsett avgift (eigne satsar for gravlegging utanbygds).

§2 Fredingstid og festetid

Fredingstida for kistegrav er 20 år. Fredingstid for urnegrav er 20 år.

Når fredingstida er over kan gravstaden festast på nytt i periodar på inntil 5 år, det må då betalast fastsett festeavgift. Som kvittering skal det skrivast ut festebrev.

Total festetid er 40 år, tid for fredingstid og festetid vert då 60 år.

Etter 60 år frå siste gravlegging skal gravminnet normalt slettast, men det kan søkjast skriftleg om forlenging i bolkar på inntil 5 år - inntil grava er 99 år.

Barnegrav i barnefelt kan behaldast så lenge det er gjenlevande søsken, det må betalast fastsett festeavgift. Det må søkjast skriftleg om forlenging av festeperioden med grungjeven søknad når grava er over 60 år.

Festeavgifta for barnegrav i barnefelt er 50% av ordinær festeavgift.

Festeavgift for urnegraver er til ei kvar tid 50 % av ordinær festeavgift.

§3 Feste av grav (dobbelgrav)

Når kistegrav vert teken i bruk kan det festast ei grav ved sida av. Når behovet tilseier det kan det etter søknad til gravferdsforvaltninga i heilt spesielle høve festast endå ei grav i tillegg, (altså totalt 3 graver).

Feste av ekstra (dobbel) grav må avtalast før gravferda. Det skal betalast avgift for å feste ekstra grav. Desse gravene utgjer då ein gravstad, og det kan **kun stå eitt gravminne** på gravstaden.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Ved bruk av urnegrav kan det ikkje festast grav ved sidan av, men det er høve til fleire urner i same grav.

Festetida ved reservasjon av dobbeltgrav er første gong 10 år. Seinare kan festetida forlengast i 5 års-bolkar.

I festetida kan festaren eller den han gjev samtykke til gravleggast i festegrava.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Dersom festet ikkje er fornya innan 6 mnd. etter varsling fell grava tilbake til gravplassen.

Festaren pliktar å melda adresseforandring.

§4 Grav og gravminne

Ved opning av grav kan jordmassar mellombels plasserast på omkringliggjande graver og gravminner kan bli flytta. Desse skal tilbakeførast i same stand som før.

Gravplasstilsette vil syte for at grava vert planert og tilsådd ei tid etter gravlegginga.

Om blomar og kransar ikkje vert fjerna av pårørande gjer gravplasstilsette det etter ei tid.

Montering av gravminne kan tidlegast skje 4 mnd. etter gravlegging av kiste, umiddelbart ved urnegrav. Men gravminne må likevel ikkje setjast opp i månader der det er fare for tele i jorda. Gravminnet vert plassert i bakkant av grava. Er det festa dobbeltgrav vert gravminnet sentrert mellom gravene ved neste gravlegging.

Oppsetjing av gravminne skal utførast av tilsette på gravplassen, men andre kan få godkjenning til å gjera dette arbeidet (sjå §10).

§5 Symbolsk namneflytting

Etter skriftleg søknad til gravplassforvaltninga kan ein få løyve til å føre over namn frå festa gravstader til anna festa/nytt eksisterande gravminne. Dei gravene namna vert henta frå vert då sletta. Gravplassforvaltninga gjev nærare informasjon om dette.

§6 Plantefelt og plantemateriale

Forutan gravminne er det høve til å opparbeide plantefelt i høgd med bakken framom gravminnet. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå gravminnet sin bakre kant.

Det er høve til å leggje ned kantstein/planteplate, plata må ikkje vere samanhengande med sokkelen. Det er ikkje tillate med små dekorstein i plantefeltet, desse vert fjerna.

Lause gravlykter skal fjernast i slåttesesongen, vasar og lykter må ikkje plasserast bak gravminnet eller utanfor plantefelt.

Plantar, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav, og som ender som avfall skal vera komposterbart..

§7 Stell av grav

Gravfestar eller ansvarshavande for frigrav har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert beplanta av den ansvarlege eller festaren, kan tilsåast av gravplasstilsette.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Vedtak:	<p>Plantane i plantefeltet må ikkje vera så høge at dei skuggar for andre gravminne, dekkar namnet på steinen, går utover plantefeltet eller hindrar arbeidet på gravplassen.</p> <p>Gravplassforvaltninga kan mot forskotsbetaling syte for årleg planting og stell av grava (sjå §8).</p> <p><u>§8 Betalt gravstell</u></p> <p>Det kan opprettast gravstellsavtale for eitt eller fleire år. Ansvarlege for frigrav eller festaren kan inngå avtalen. Avtalane kan ikkje opprettast for lengre tidsrom enn den føreliggjande friperiode eller festeperiode. Avtalane skal vere skriftleg. Gravplassforvaltninga syter for faktura.</p> <p><u>§9 Næringsverksemd</u></p> <p>Næringsdrivane som ynskjer å driva næringsverksemd på gravplassane på Fedje skal innhenta godkjenning frå gravplassforvaltninga. Godkjenninga kan trekkjast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei lovar og reglar som gjeld. Næringsverksemda kan kun omfatta montering og vedlikehald av gravminne, planting og stell av graver.</p> <p>Tilsette kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjere.</p> <p>Gravminner skal setjast opp av gravplasstilsette når leverandør ikkje har avtale med gravplassforvaltninga om næringsverksemd. Det vert då sendt faktura for montering til leverandør, evt. ansvarlege for grava.</p> <p><u>§10 Arbeid på gravplassane</u></p> <p>Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje innanfor normalarbeidstid (07-17), og må ikkje utførast på søn- og heilagdag, eller på offentlege høgtidsdag.</p> <p><u>§11 Brot på vedtektene</u></p> <p>Dersom vedtektene ikkje vert følgde, kan gravplassforvaltninga setje i verk naudsynte tiltak for ansvarleg/festar si rekning.</p> <p><u>§12 Dispensasjon frå vedtektene</u></p> <p>I særlege tilfelle kan gravplassforvaltninga dispensere frå vedtektene i §§ 9 og 10</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje Sokneråd godkjenner nye gravplassvedtekter for Fedje kommune slik dei ligg føre. Gravplassvedtektene er gjeldande frå vedtaksdato i soknerådet, med atterhald om godkjenning i bispedømerådet.</i></p> <p>Gravplassvedtektene for Fedje sokn vart godkjent slik dei ligg føre.</p>
----------------	--



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen, Hans Erik Waage, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg og Rune Minde.

Varamedlemmer:

Solrunn Gullaksen (Grete hadde meldt forfall men var med via Teams)

Frå kyrjekontoret: Evy Beate Uthaug – sekretær.

Saksoversikt: S – 04/20 – S 08/20

S 09/20	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 17.06
Vedlegg	Referat frå 17.06.2020 Innkalling for 08.09.2020
Vedtak:	Referat og innkalling vart godkjent utan merknader.

S 10/20	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Festen for 50 års konfirmantane 16.august• Konfirmasjon 29.august• Tilbakemelding frå G2 komiteen

S 11/20	GUDSTENESTEFORM OG INNHOLD
	Ikkje framlegg til vedtak. Drøftingssak i soknerådet om korleis ein ønskjer form og innhald på gudstenestene i Fedjekyrkja. Stikkord frå drøfting: Antall familiegudstenester, «nye» salmer, noe for borna. Forslag om ei gruppe kor det er naturleg at rep. frå soknerådet og ein mix med tilfeldige personar er med. Rune kjem gjerne med gruppeforslag.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	Forslag om forsangare, frå til dømes Koral eller Feiekostane. Ikkje alle syntes dette var ein god idè i forhold til egne erfaringar/opplevingar.
--	---

Eventuelt	Tone Sævi informerer om salmekveld 29/10 kl. 18:00-20:30 med Eyvind Skeie.
------------------	--